

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og Austebygd barnehage.

Stad: Austebygd skule

Tid: Tysdag 6.november 2018 – kl.18.00

Tilstades: Ingunn Straume, Knut Morten Straume, Magnhild Nøttveit, Heidi Berg Marås, Henning Dalland, Lotte B. Bauge, Marthe Ystebø, May Britt Vågenes Gjerde Vigdis Villanger og Birte Andersen Fjellsende

Therese Mjøs Bendiksen og Kenneth Blomvågnes hadde meldt forfall.

Sak 1: Konstituering av SU/SMU

Framlegga til leiar og nestleiar vart godkjend.

Sak 2: Det vart meldt **merknad til framlegg til vedtak**, v/elevrådsrepresentant Lotte B. Bauge; **Endringa som var ønska;**

- Oppstart måndag 6.januar i staden for fredag 3.januar 2019
- Siste skuledag vart då endra til fredag 19.juni i staden for torsdag 18.juni 2019
- Dette vart godkjend av SU/SMU

Sak 3: Lokal årsplan for 18/19 for Austebygd barnehage.

Vigdis informerte om årsplanen og kva som er fokusområde i planen;

- Språk –og læringsmiljø er fokusområde i barnehagen sin årsplan.
- Læringsmiljø er; alt dei driv med i barnehagen.
- Jobbar med det sosiale på følgjande måte;

- gjennom leik
- setja grenser for seg sjølv og andre
- leikbasert læring (Agderprosjektet)
- lesestunder (fokus på bøker for gutar)
- samlingsstunder
- gymsalen skal nyttast aktivt
- Aktivitetar og samarbeid med skulen

Sak 4: Informasjon.

Vigdis informerte om følgjande;

- Skulen har leigd inn BARNEVAKTEN (ein organisasjon som gir råd om barn og medier), tysdag 20.november.
- Elevane frå 3.-7.trinn vil få undervisning på dagtid, om bruk av data og sosiale medie. 3.-4. trinn får ei økt som er tilpassa deira alder og 5.-7. ei økt som er tilpassa deira behov.

Dei vaksne på skulen får ein time rettleiing og undervisning på ettermiddagen, i dei same tema som elevane har vore innom tidlegare på dagen.

Klokka 18.00 vert det arrangert TEMAKVELD for foreldre i barnehagen og på skulen, der organisasjonen BARNEVAKTEN, vil ha ei rettleiing om utfordringar omkring databruken til barn –og unge og rettleiing og råd i bruken av sosiale medie.

Kommunen betalar denne temadagen/kvelden.

Vigdis orienterte om ombygging/utbyggingsprosessen v/barnehagen.

Det er kalkulert til ca.3 millionar kroner.

Ein skal bruka eksisterande bygg m/litt utviding.

May Britt skal etterspørja på førstkomande kommunestyremøte, 6.desember, kor langt ein er komen i prosessen.

Verksemdsplan/ Utviklingsplan –skulen og barnehagen.

Dette er planar som skildrar satsingsområda for barnehagen og skulen.

Satsingsområdet for barnehagen er; SPRÅK.

Satsingsområdet for skulen er; LESING.

Årshjulet for barnehagen.

Vigdis informerte om at det også i år vert eigen julegudsteneste for barnehageborna.

Dato: **Måndag 3.desember.**

Sak 5: Eventuelt andre saker.

Her informerte Vigdis om at skulen skal få læra om KODING. Elevane vil få ein kjennskap til dette faget, som frå 2020, vert eit nytt fag i skulen.

Måndag 12.november skal heile skulen ha temadag om KODING.

KODING: programmering, der ein lærer seg eit språk, som gjer at ein kan snakka saman med datamaskina.

Møtet slutt kl.19.00

Ref.: Birte Andersen Fjellsende

Austebygd skule, 6/11-18

